



# ÅRDAL TURLAG



*Oppstilling med Hurrungane i bakgrunnen (frå Utladalen rundt)*

# ÅRSMELDING 2022

## Styret i Årdal Turlag 2022

Leiar	Sonja Hestetun	På val i 2022 (kvart år)
Nestleiar	Helge Rørvik	På val i 2023 (kvart 2. år)
Kasserar	Sølvi Hatlevoll	På val i 2023 (kvart 2. år)
Styremedlem	Anders Lindborg	På val i 2022 (kvart 2. år)
Styremedlem	Cecilie Holst	På val i 2023 (kvart 2. år)
Styremedlem	Frank Øyre	På val i 2023 (kvart 2. år)
Styremedlem	Inge Seglem	På val i 2022 (kvart 2. år)
Varamedlem	Odd Einar Frosta	På val i 2022 (kvart år)
Varamedlem	Kristin Hestetun	På val i 2022 (kvart år)

### Undergrupper

Barnas Turlag	Anne Mikalsen Steinheim Tonje Lund Tufte Lena Nyheim Igari Mona Holmefjord Martin Walderhaug Jorunn Haug Johansen Gunvor Nordås Anders Lindborg rep. for ÅT
Fjellsportgruppa	
Mosjonsskulen	
Årdal Gålag	
FTU	

### Nemder og utval

Materialforvaltar	Vert vald av styret
Revisorar	Bjørn Lindland Hans Otto Tråi
Valnemd	Gunn Tønning Rune Valsvik Bente Myrland
Støls-og topptrim	Inga Jane Vie Karlsen Olav Kjell Moen Rune Valsvik
Stirydding	Frank Øyre / Inge Seglem
Dugnadsgjengen Gravdalen	Ole Magnar Nundal
Gravdalen, Avdalselet	Kristian Avdal Semstrøm Asle Annevik
Gravdalen, Svalheimselet	Ole Magnar Nundal Tom Røysi
Gravdalen, Tronteigselet	Bjarte Krossøy Magne Folven

## Leiaren har ordet

Etter eit par år prega av tilpassing til pandemi, har turåret 2022 vore tilnærma normalt med mange positive og flotte aktivitetar i alle gruppene i turlaget.

Frivillige i turlaget er ein gjeng med komplimentere og engasjerte personar, som fyller ut dei ulike rollene som er forventa av turlaget på ein framifrå god og flott måte. Turlaget med alle dei aktive undergruppene bidreg sosialt, og fremmar folkehelse og livsmeistring positivt for mange.

I år har det vore ekstra fokus på skiltmerking og sti-rydding, noko som har ryktast ut over det ganske land. Den ivrige dugnadsgjengen som rydda Kløvstien, vart tv-stjerner i beste sendetid på NRK dagsrevyen.



*Stiporsjektet i Ofredalen*



*Torvlegging DNT sel på Vettismorki*

Det ventar nye spennande turopplevingar i 2023, både for store og små. Støls- og topptrimmen 2021-24 er på plass med 20 nye ulike utfordrande turmål. Kjekt at også andre enn årdøler har oppsøkt fleire av postane allereie.



*Postkassane på Berdalseken og Gravidalsnosi*

Gledeleg at Barnas turlag er i full drift att. Fire engasjerte damer har teke over stafettpinnen, og mange barn er ivrige med på arrangementa. Det blir spennande å følgje med på «Turbotrim og familetoppar», eit nytt opplegg med 16 postar som skal gå over to år.

Fysisk aktivitet gir glede og meistringskjensle, og det å delta i aktivitetar saman med andre skapar identitet, fellesskap og trivsel. Dette er heilt i tråd både med målsettinga til DNT og med den kommunale planen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Mykje av aktiviteten vår handlar om å skape trygghet, og at alle finn ein stad å høyre til sosialt. Hugs at det er viktig at kvar og ein må setta sine egne mål, men gjennomfør og nå dei gjerne saman med andre.

Ein takk til alle som har bidrege på ulike måtar, og til alle som har kjøpt boka «På tur i Årdal». Ikkje minst ein stor takk til alle firma som gjennom økonomisk støtte gjer det mogeleg for turlaget å drive den mangfaldige organisasjonen vår.

Ynskjer med dette alle eit aktivt, godt og sosialt turår i 2023.

Sonja S. Hestetun

## Rekneskap 2022

<b>INNTEKTER</b>		<b>I ÅR</b>		<b>I FJOR</b>
Medlemsinntekter	kr	24 000	kr	26 000
Overføringer DNT	kr	171 000	kr	197 737
Salg Kalendarar	kr	67 056	kr	101 310
Salg/støtte turbok	kr	936 125	kr	-
Inntekt Gravdalen	kr	28 600	kr	640
Inntekt Støls og topptrim	kr	61 300	kr	200
Inntekt Turavgift	kr	1 200	kr	3 500
Inntekt kurs/arrangement	kr	34 949	kr	11 900
Tilskot/støtte/fond	kr	114 900	kr	15 000
Overføring Norsk Tipping	kr	7 291	kr	8 690
Andre inntekter	kr	5 924	kr	609
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>kr</b>	<b>1 452 345</b>	<b>kr</b>	<b>365 586</b>
<b>UTGIFTER</b>				
Utgift kalendar	kr	24 800	kr	36 600
Utgift turbok	kr	734 500	kr	-
Utgift Gravdalen	kr	22 100	kr	29 861
Utgift transport turar	kr	9 657	kr	13 579
Utgift støls og topptrim	kr	43 700	kr	-
Utgift arrangement	kr	111 033	kr	59 963
Støtte til andre lag og organisasjonar	kr	1 514	kr	1 514
Leie lokaler	kr	10 000	kr	10 000
Kostnad inventar/utstyr	kr	23 504	kr	-
Programvare årlig vedlikehold	kr	4 993	kr	501
Kostnader klede/luer	kr	12 339	kr	34 006
Rep.vedlikehald stiar/turområde	kr	62 609	kr	42 503
Andre kostnader	kr	1 431	kr	1 213
Trykksaker	kr	25 554	kr	14 094
Kostnader kurs/møter	kr	14 589	kr	3 132
Avsetning kostnader jub.fest 50år	kr	100 000	kr	-
Porto	kr	804	kr	540
Momskompensasjon DNT	kr -	23 459	kr -	21 733
Annonsekostnader	kr	2 271	kr	4 543
Kostnad SF Turlag	kr	47 040	kr	51 635
Gaver	kr	28 937	kr	4 403
Forsikringspremie	kr	3 765	kr	3 549
Utgifter Styremøte/årsmøte	kr	8 261	kr	8 138
Bank og kortgebyrer	kr	8 015	kr	721
Tilgang/bruk av fond	kr	23 590	kr -	32 607
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>kr</b>	<b>1 301 547</b>	<b>kr</b>	<b>266 155</b>
Renteinntekt Indre Sogn Sparebank	kr	2 324	kr	9 832
<b>SUM RENTEINNTEKTER</b>	<b>kr</b>	<b>2 324</b>	<b>kr</b>	<b>9 832</b>

**ÅRSRESULTAT**

	<b>kr</b>	<b><u>153 122</u></b>	<b>kr</b>	<b><u>109 263</u></b>
STATUS pr. 30.september				
Kundefordring	kr	9 800	kr	-
Til gode moms	kr	22 375	kr	-
Medlemskonto	kr	92 705	kr	68 490
Brukskonto	kr	569 619	kr	479 453
Sparekonto	kr	696 233	kr	493 908
Konto fjellsportgruppa	kr	58 800	kr	55 789
<b><u>Sum</u></b>	<b>kr</b>	<b><u>1 449 532</u></b>	<b>kr</b>	<b><u>1 097 640</u></b>
Eigenkapital	kr	1 031 305	kr	922 042
Fond Årdal Turlag	kr	170 000	kr	6 036
Fond Fjellsportgruppa	kr	53 873	kr	53 873
Fond FTU	kr	17 363	kr	6 426
Fond Barnas Turlag	kr	18 689	kr	-
Leverandørgjeld	kr	5 180	kr	-
Årets overskot/underskot	kr	153 122	kr	109 263
<b><u>Eigenkapital 30 september</u></b>	<b>kr</b>	<b><u>1 449 532</u></b>	<b>kr</b>	<b><u>1 097 640</u></b>

Øvre Årdal 25.10.22

Bjørn Lindland

revisor

Hans Otto Tråi

revisor

Sonja Hestetun

leiar

Sølvi Hatlevoll

kasserar

## Rekneskap 2022 pr.avdeling

	Barnas Turlag	Gålaget	Fjellsportgruppa	FTU	Ardal Turlag
<b>INNETEKTER</b>	kr	kr	kr	kr	kr
Medlemsinntekter		16000			8000
Overføringer DNT	16111	15000			139889
Salg kalenderar					67056
Salg/støtte turbok					936125
Inntekt Gravidalen					28600
Inntekt Støls og topptrim					61300
Inntekt Turavgift		6650	22790	5509	1200
Inntekt kurs/arrangement	25000	31500	10000	30000	18400
Tilskot/støtte/fond					7291
Overføring Norsk Tipping					5924
Andre inntekter					
<b>SUM INNETEKTER</b>	<b>kr 41111</b>	<b>kr 69150</b>	<b>kr 32790</b>	<b>kr 35509</b>	<b>kr 1273785</b>
<b>UTGIFTER</b>					
Utgift kalender					24800
Utgift turbok					734500
Utgift Gravidalen					22100
Utgift transport turar					9657
Utgift arrangement	9000	45204	22715	24537	53276
Støtte til andre lag og organisasjoner					1514
Leie lokaler					10000
Kostnad klede/luer	10556				1783
Programvare årlig vedlikehold		1576			3417
Rep. Og vedlikehold stiar/turområde		70			62539
Andre kostnader	2865	389	7064		14618
Trykksaker		19530			6024
Kostnader kurs/møter					14589
Avsett kostnader jub.fest 50år					100000
Porto					804
Momskompensasjon DNT					-23459
Annonsekostnader					2271
Kostnad SF Turlag					47040
Gaver					28937
Forsikringspremie					3765
Utgifter Årsmøte/styremøte					8261
Bank og kortgebyrer		75		35	7904
Bruk av fond/midlar	18690			10937	-6036
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>kr 41111</b>	<b>kr 66844</b>	<b>kr 29779</b>	<b>kr 35509</b>	<b>kr 1128304</b>
Renteinntekt Sogn Sparebank					2324
<b>SUM RENTEINNETEKTER</b>	<b>kr 0</b>	<b>kr 0</b>	<b>kr 0</b>	<b>kr 0</b>	<b>kr 2324</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>kr 0</b>	<b>kr 2306</b>	<b>kr 3011</b>	<b>kr 0</b>	<b>kr 147805</b>
					<b>kr 153122</b>



# MEDLEMMAR I ÅRDAL TURLAG 2022

	<b>2022</b>	<b>2021</b>
DNT Medlem	324	352
DNT Barn/Ungdom	42	51
Årdal Turlag lokalt	96	104
<u>Totalt</u>	462	507

*Hans Otto Tråi*

Hans Otto Tråi

*Bjørn Lindland*

Bjørn Lindland




## Turrappoartar

### Trugetur på Seimsåsen, 3. mars

Det vart ein fantastisk flott trugetur på Seimsåsen denne kvelden. 10 personar vart med på rundturen frå Åsettjørni via Mastrehaugfjellet, Biskaholten og tilbake. Me fekk med oss ein flott solnedgang på toppen. Rune hadde gjort seg stor flid med å lage til for pølsegrilling da me kom ned bakken frå Biskaholten.



*I fint driv oppover mot Mastrehaugfjellet.*



*På toppen ved solnedgang*



*Bålkos og pølsegrilling høyrer med på trugeturen!*

Rune og Odd Einar

1822, 2. april

Det var berre fem skigåarar som la ut frå Tynosen denne laurdagen. Turmålet var ein av støls og topptrimpostane som er med i denne runden. Ein tur med både krevjande ver og føre.



*Nøgde med å nå toppen, men utsikten mangla totalt*

Anders

Kolbottsvatnet, 15. juni

Heile 19 personar var med på ein fin onsdag ettermiddagstur til Kolbottsvatnet. Dette er ein av støls og topptrim postane der me fekk sett opp postkassen samtidig. Me brukte ein god time på turen opp, fin og tørr sti!



*Fin bukett oppstilt ved hytta*



*Greit med ei hjelpande hand under elvekryssinga*

Jorunn og Anne-Bjørg

### **Skihytta - Åsete - Gravdalen - Hjelle, 18.juni**

Veldig variert turver for dei totalt åtte deltakarane på grautturen frå Fardalen til Avdalen. Gløtt av sol i bakkane opp mot Åsete, "snøstorm" ved Åsetvatnet og regn. Me unngjekk heldigvis dei verste bygene. Som alltid godt å komme til god graut i Avdalen.



*Liten rast på Åsete*



*Vinterleg ved Asetevatnet*



*.... og regntungt på Gravdalen*

Kristin

### **Fremre Smørhola, 16.juli**

Målet denne laurdagen var støls og topptrimposten Fremre Smørhola. Totalt 10 personar var med. Start fra Vikadalen via Nedre og Øvre Halsen og vidare fram til posten. Ein tur med heile 1100 høgdemeter.



*Mange høgdemeter skal forserast*



*Sjølv turleiaren vert liten i desse omgjevnadane*



*Greit med pust i bakken med ein slik utsikt*



*På Fremre Smørhola ved posten*

Inge Seglem med kjentmann Jon Einemo

## Utladalen rundt, 2 - 4. september

Elleve personar vart med denne helga og fekk oppleva Utladalen på sitt beste. Fredag starta me frå Hjelle og gjekk til Stølsmaradalen via Vetti og Brendeteigen. Laurdag gjekk turen vidare over Snørestødet til Midtmaradalen, ned Kyrkjestigen til Utle, via Vormeli og Storebrui til Skogadalsbøen. Søndag var det retur til Hjelle via Friken og Vettismorki. Me var veldig heldige med veret og som alltid vart det ein kjekk kveld på Skogadalsbøen.



*Det vart løyst litt sveitte opp Brendeteigen. I bakgrunnen ser me Snørestødet der turen går forbi neste dag.*



*Kveldskos på Stølsmaradalen*



*Nesten oppe ved Snørestødet, flott utsyn!*



*Midtmaradalen*



*Spennande terreng i Kyrkjestigen*



*God rast i Vormeli*

Odd Einar og Ole Magnar

## Mannsbergi - Hjelledalen - Hjelle, 24. september

Herleg tur frå Mannsbergvatnet til Hjelle med turlaget, me var 9 turdeltakarar inkludert turleiarane. Startpunkt var ved Mannsbergvatnet, og me kom dermed over skodda som låg både i bygdi og på 1000 høgdemeter. Litt skya ver i starten, men etterkvart braut sola gjennom og haustfargane gløda i landskapet. Turen gjekk i variert terreng, frå høgfjellet til frodige Hjelledalen og Hjelle på merka sti.



*Toppen av Skredshaugdokki. Skodda dekkja for tinderekka denne dagen.*



*Flotte fargar i fjellet. Bilete teke i retning Morkaskaret.*





*God matpause på Fremre Hjelledalen*

Cecilie og Inga Jane

## Årsmelding, Årdal FTU 2022



Etter to år som vart prega av pandemi, kunne me endeleg planlegga eit heilt vanleg FTU-år i 2022. Me i styret har no jobba nokon år og har gjort oss ein del erfaringar, så me ynskja å utvide tilbodet litt. Derfor vart det lagt planar for fire turar på våren og fire turar på hausten. I tillegg ville me arrangere ein bankett for FTU'arane før sommarferien, for å markere slutten på FTU-året, og for å gjere litt stas på dei som er med oss på tur. Det skjer ikkje så alt for mykje for denne gruppa i kommunen, så ein bankett tenkte me ville vere eit godt tiltak.

For å rekka fire turar, starta me sesongen i februar, ein måned tidlegare enn føregåande år. Då var det tur og rebus langs «lysløypa» ved moloen i Øvre. Etterpå var det aktivitetar inne på Årdal vidaregåande skule. Me dansa mellom anna FTU-dansen me har laga, og hadde elles andre aktivitetar til musikk og t.d. bowling-konkurransse. Det vart servert ostesmørbrød som «turmat». Dette var veldig populært.

I mars var det planlagt tur i Fardalen, men fordi vegen vart brøyt opp forbi skihytta, flytta me arrangementet til Seimsåsen. Torunn frå Bulder og Brak var med oss, så deltakarane fekk prøve seg på truger viss dei ville. Fleire gjekk på ski, medan to som sit i rullestol fekk ein tur med scooter. Kanskje var det likevel akekonkurransen og grilling av pølser ute ved skihytta som slo aller best an. Ein veldig kjekk dag ute i snøen.



*Moro med aking*

Då våren var på veg i april, arrangerte me friidrettsdag i samarbeid med friidrettsgruppa i Jotun. Veldig mange tok turen på stadion denne dagen og gjennomførte både 60-meter, lengde og liten ball med engasjement og

fantastisk innsats! Mange opplevde meistring og glede i lag med sunt konkurranseinstinkt, så dette er eit arrangement me tenker me på gjenta.

I mai prøvde me oss på ein ny vri på den tradisjonelle turen i Skåri. Me la turen til Verdas aktivitetsdag, 10.mai, og fekk til eit samarbeid med Utladalen naturhus, som la til rette for at deltakarane kunne få lage fuglehus som så skulle settast ut i området rundt naturhuset. Veldig mange møtte opp til denne turen, så det vart laga eit stort tal fuglehus og konsumert store mengder vaflar. Fuglehusa er det fleire som har vore framme og sett på att i ettertid, så slik sett er dei med på å motivere til å komme seg ut på tur også no etterpå. Me håpar å få til eit slikt samarbeid også neste år.

Padlinga med Bulder og Brak i juni, er det store høgdepunktet i året for oss i FTU. Dessverre vart vêret dårleg den dagen me hadde planlagt arrangementet, så me måtte avlyse og heller ta ein improvisert tur på Ytre Moa. Mange var nok skuffa, men i og med at det var bankett dagen etterpå, vara det nok ikkje så lenge. Og gjet om det var stas med bankett! Alle som hadde vore med FTU på tur denne vinteren og våren, kunne melde seg på banketten som vart arrangert på Bakeriet med fin middag, talar, utdeling av personlege diplomar og ikkje minst dansing til live-musikk av Bent Vadset. For ein kveld! Bankett blir det garantert til neste år også. Dette var i tillegg eit fint høve til å gjere litt stas på ein del av dei frivillige som er med og hjelper oss på turane våre. Dei vart inviterte til banketten som FTU då spanderte. Det tykte me var kjekt.

Etter sommarferien kunne me endeleg gjennomføre padlinga med Bulder og Brak på ein strålande august-dag. Mange hadde fått prøvd seg i kajakken to gonger før no, og var enda tøffare i år. Det var utruleg kjekt. Det var trygt og godt å ha Bulder og Brak som ansvarlege arrangørar. Torunn Laberg har utdanning i å legge til rette padling for funksjonshemma og hadde laga til eit kjempeflott opplegg. Dette håpar me verkeleg at me kan gjenta kvart einaste år. Tusen takk til Årdal Kjemiske og Sogn Sparebank som sponsa denne fantastiske opplevinga for FTU'arane våre.



*Spennande med padling på Årdalsvatnet*

No i haust skulle me ha gjenteke suksessen frå i fjor, med tur langs Holsbruvatnet og fiskekonkurransen. Dessverre vart fleire av oss i styret forhindra frå å delta på turen, så me måtte «nedskalere» til tur på Ytre Moa, men det vart fint det også. Deltakarane fekk prøvd seg på naturbingo, og me hadde pøselapskaus på bålpanne som var populær. Me håpar uansett at me får teke att turen til Holsbru neste år.

Dette er så langt som me er komne i 2022, men planen er å gjennomføre digital orientering med appen «Fotspor» no i oktober. Det var det mange som likte i fjor. Me må berre lage enda litt lenger løype, med fleire postar, for det var så kjekt å orientere på denne måten.

I slutten av november kjem me til å ta opp att suksessen frå i fjor då me arrangerte graut-tur og juleavslutning framme på Temresletti i låven hjå Magne Nordgulen og Laura Brons. Dei fleste går då fram frå Svalheim og så står grauten klar på låven når dei har gått turen. Vidare blir det eit lite julelotteri, og truleg kjem nissen med godteposar i sekken. På førehand tusen takk til Magne og Laura for at me får bruka låven! Dette er ei fantastisk avslutning på FTU-året for oss!.



*Julekos på Temresletti*

Alt i at er me godt fornøgde med oppmøtet og arrangementa som har vore. Me i styret gjer oss stadig nye erfaringar og det gjer at turane blir betre organiserte. Det verkar no som at FTU har etablert seg som noko mange kjenner til og det er enkelt å hugse på at me har turar siste onsdagen i månaden. Derfor er det stort sett alltid godt oppmøte og mange seier at dei gler seg til tur. Me prøver å ha variert og tilpassa innhald og kosar oss verkeleg!. Utgiftene våre er ikkje så store, men me brukar litt på turmat og også til å leige kompetanse som t.d. Bulder og Brak. Nokre gonger kan det vere at me betalar litt i leige for å kunne ha eit lokale som endestasjon for turen vår. Mange av brukarane må ha tilgang på toalett, dei frys lett og må kunne gå inn osb. Alt dette må me legge til rette for og det er vorte eit flott turtilbod til dei med utviklingshemming, dei med andre utfordringar og også søsken, foreldre, anna familie og andre.

## Gravdalen 2022

Vintermøte i dugnadsteamet var halde 18. - 20.mars. Svært mykje snø i år. Me kom opp i måneskin fredag kveld. Gjekk til Gravdalsnosi laurdag, vaska opp og rydda søndag, og sjølvsgat kosa oss med god mat og planlegging av sesongen om kveldane. Denne vinterturen til Gravdalen i fullmåne, har vorte ein fin tradisjon, som me har tenkt å halde fram med.

Det har vore 2 store dugnadshelgar i år med god deltaking. Slått i august, og ved-dugnad i oktober. På slåttedugnaden var me 7 personar, so arbeidet gjekk godt unna. Fint vær laurdag gjorde det triveleg å arbeide, og det blei høve til bålpyring om kvelden. Stølsbøen på Gravdalen tek til å sjå veldig fin ut, etter mange år med slått. Ved-dugnaden i oktober hadde 10 deltakarar. Det var fint arbeids vær, men bålkos ute vart det ikkje denne gongen. Me åt suppe til lunsj ute midt på dagen, og jammen drog Anne Bjørg opp ei kake or sekken sin. Den kaka fekk bein å gå på til kaffien. Elles vart det sosialt samvær inne i Svalheimsselet om kveldane. Med eit ekstra bord og to ekstra benker var det koseleg å sitte samla der.



*Slåtte-dugnad i august*



*Ved-dugnad i oktober*




Det har vore branntilsyn i år, ved feiaren i Årdal kommune, og me har fått pålegg om nokre tiltak for å sikre branntryggleiken. Mellom anna skal alle røykrøyra skiftast ut til isolerte røyr gjennom taka.

Denne sesongen, som i fjor, har «bookinga» gått via Visit Årdal si heimeside. Dette fungerer svært godt, og gjer det også lettare for folk å gjere opp for seg. Kontant betaling i ein postkasse, er vel i ferd med å gå ut på dato. I dette systemet er det registrert 48 gjestedøgn. I tillegg er det nokre som tek sjansen på å gå opp utan å booke på førehand, og inkludert dugnadane blir det i alt 115 registrerte overnattingar. Ein liten oppgang frå i fjor, til tross for det dårlege været som var store deler av sommaren.

Det har ikkje vore gjennomført større renoverings-/oppgraderingsprosjekt i år. Gravdalen er eit turmål, som blir meir og meir brukt, både av lokale trimmarar og meir langvegsfarande fjellfolk. Nokre av oss har også hatt ein del snarturar opp med stearinlys, dopapir, bensin, reine handdukar, sengeklede, lampeolje, gass og andre småting til drift. Det er viktig å sjå innom litt regelmessig, for å sjå at alt står bra til. Det er bokført 288 dugnadstimar i år. Dugnadsgjengen er trufast og stabil, og forhåpentlegvis aukande. Me likar svært godt at folk tek kontakt og vil vera med. Alt i alt: Gravdalen er prega av god drift, godt vedlikehald, og ein engasjert dugnadsgjeng.

Litt statistikk til slutt:



For tilsynsfolki på Gravdalen,  
Ole Magnar Nundal

## Årdal Mosjonsskule, årsmelding 2021/2022

Samarbeidsavtalen med Årdal Turlag seier noko om føremålet til Mosjonsskulen.

1. Drive eit trimopplegg med låg terskel for å delta
2. Skape eit lystbetont opplegg, med stor vekt på det sosiale
3. Drive målretta arbeid for å få «nullmosjonistar» til å ta vare på eiga helse
4. Drive rekruttering for Årdal Turlag



*Frå 30-års jubileet, her representert ved leiar og fem av dei som var med frå starten. F.v Jorunn H. Johansen, Jane Haglund, Bjørg Størseth, Marit Bukve, Anne Bjørg Dalheim og Svein Fretland.*

### **Aktivitet/sosiale tiltak**

Frå september til april, møtest me til trening kvar måndag og onsdag. Oppvarminga går føre seg ute, ved att me går ein tur på ca  $\frac{1}{2}$  time. Deretter møtest me i gymsalen på Farnes Skule, til øvelsar. Me har to sosiale treff i løpet av treningsåret, eit før jul og eit ved avslutning på vårparten. Då møtest med til middag og hyggeleg samvær.

Me hadde store planar for juleavslutninga vår i 2021. Då skulle me feira Mosjonsskulen sitt 30 årsjubileum. Men atter ein gong vart me råka av «koronaspøkelset», og alle planar måtte leggest bort, dagen før den store festen. Styret hadde ein intens ringerunde, etter å ha fått beskjed om enda ein ned stenging. Den resulterte i av bestilling av både hus og mat. Dette var ikkje noko kjekt, men me måtte halda oss til reglane i kommunen. Spenninga var stor utpå nyåret, om me fekk starte opp igjen som vanlig. Klarsignalet frå kommunen



kom etter kvart, så f.o.m. 19.januar -22 og resten av våren og hausten, har treningane gått som vanlig.

### **30 års jubileum 1991 - 2021**

6.april 2022 kunne me endeleg feira 30 års jubileet vårt, godt ut i det 31. treningsåret. Det vart markert på Samhold med god mat og drikke, talar og song. To av gjestene, Marit Bukve og Anne Bjørg Dalheim, var med å dra i gong Mosjonsskulen. Dei fortalde om oppstarten, og at den inneheldt både oppturar og nedturar. Ikkje alle hadde trua på prosjektet, men det har me motbevisa ved å halda det gåande i 30 år!



*Fire karar som har vore med i 30 år*



*Glimt frå Samhold*

Porten, representert ved Kristin Vee, var til stades, og laga ein fin reportasje om festen. Sonja, leiar i Årdal Turlag var og til stades. Ho sette pris på å bli kjent med laget, og få høyre historia til Mosjonsskulen,. Historia frå 1991 og fram til 2021 var det tidlegare mangeårig leiar i laget, Agnar Kvam som stod for. Han hadde gjort eit grundig dykk i arkivet og la fram historia på ein fin og til tider morosam måte.

### **Medlemstal / Rekruttering**

Alderssamansetjinga vår er frå slutten av 50 åra og over 80 år. Talet på betalande medlemmar held seg på rundt 30 personar. Det er varierende oppmøte på treningane, og dette er eit tema som styret har vore opptekne av siste tida. Me jobbar heile tida for at Mosjonsskulen skal bestå, og prøver derfor å leggja til rette slik at alle skal trivast og ha lyst å møte til trening.

Styret har halde 4 styremøter frå september -21 til november -22. Her har planlegging og organisering av jubileumsfesten teke stor plass. Elles er medlemstal, rekruttering og korleis me skal drive treninga vidare, gjentakande tema på styremøta.



*Bjørg Størseth og Irene Ruud held fram som trenarar*



*I god driv over Moloen*



*Solveig Bukve trener ballanse*



*Glimt frå trening på Farnes Skule*

**Styret:**

Jorunn H Johansen  
Leiar

Oddrun Fredheim  
Kasserar

Irene Ruud  
Trenar

Bjørg Størseth  
Trenar

Norvald Osland  
Styremedlem

Tone Aas  
Varamedlem

## MOSJONSSKULEN

## REKNESKAP 2021/2022


RESULTATREKNESKAP	2021/22	Note	2020/21
<b>Inntekter:</b>			
Medlemskontingent	39 650,00	1	32 500,00
Gåve frå Sommartrimmen	11 807,20		
Andre inntekter / Kulturmidlar	960,00	2	750,00
Gebyrer og renter	-		7,19
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>52 417,20</b>		<b>33 257,19</b>
<b>Utgifter:</b>			
Kontor / møte utgifter	40,00		
Premiering / gåver	599,00		258,70
Trenarutgifter	18 000,00		11 000,00
Hall-leige	3 200,00		1 900,00
Jubileumsfest	10 418,80		
Gebyrer	-		-
Diverse	-		594,93
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>32 257,80</b>		<b>13 753,63</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>20 159,40</b>		<b>6 166,58</b>

Status PR. 30.08.	2021	Note	2020
<b>Eigendeler:</b>			
Bankinnskudd, driftskonto	59 863,93		39 704,53
Utestående krav	0,00		0,00
<b>SUM EIGENDELER</b>	<b>59 863,93</b>		<b>39 704,53</b>
<b>Gjeld og egenkapital:</b>			
Eigenkapital 01.09.	39 704,53		20 200,97
Overskot / <del>Underskot</del>	20 159,40		19 503,56
<b>Eigenkapital 01.09.</b>	<b>59 863,93</b>		<b>39 704,53</b>

Øvre Årdal 01.10.2022



Hans Otto Tråi  
Revisor



Bjørn Lindland  
Revisor



Oddrun Fredheim  
Kasserar



Jorunn H. Johansen  
Leiar

## Mosjonsskolen

## Notatar til rekneskapet 2021/22

Note nr. 1 Medlemskontingnt :

Antal medlemmer = 25 x 1300

kr 39 650,00

Note nr. 2 Grunnstønad Årdal Kommune

kr 960,00

## Årdal Gålag, tursesong 16 - 2022

Heldigvis var det slutt på koronatiltaka og vi kunne gjennomføra vinterturane våre til skihyttene som var opna att. Til saman 33 personar var med på desse. Det kom inn 36 turforslag og vi sette opp 26 turar og desse vart gjennomført med eit samla antal på 619 som gjev eit snitt på 25. Mykje dårleg ver i sommar og at snøen låg lenge i fjella gjorde at vi måtte endra på 11 turar. Dei turane som hadde flest deltakarar var turen til Strendene med 53 og Vikadalen rundt med 50. På ein ny flott tur vi hadde inn mot Austabotn frå Tindevegen var vi 44 personar. På turen til Grånosi i Fardalen hadde vi med oss ein journalist frå Porten. Han tok mange bilder samt oversiktbilder med drone. Dessverre hadde han ikkje tid å vera med opp til varden, men han skreiv eit fint notat om oss i Porten.

Etter turen til Furåsen hadde vi middag på Gaupnetunet. Denne vart spandert på oss av Indre Sogn Bil der sjefen er så imponert over det spreke Gålaget. Gålaget spanderte middag på Eikum Hotel etter turen frå Årøy kraftverk og opp til Hafslo. Det same gjorde vi på Fondsbu etter turen til Vinjeknappen. I år og søkte vi om tilskot og vart tildelt 15 000,- frå Aktiv i 100. Sluttrapport skal vi senda inn no.

Onsdag 30. mars feira vi 15 års jubileet vårt. Vel 80 personar møtte opp til feiringa på Bakeriet i Øvre. Jonny hadde dikta song om Gålaget, Hanne Stedje hadde laga flott festskriv og Nils Tore hadde sett saman alle turane våre til ein film. Det var ein kjekke kveld der alle kosa seg.

No har Gålaget eksistert i 16 år og er like populært. Dessverre har nokre gått ut, men nye har komen til. Alle er like ivrige og møter opp i alle slags ver, like blide og fornøgde, aldri ei sur mine eller eit negativt ord. Er det rart at eg er så glad i denne gjengen som møter opp onsdag etter onsdag. Som Dagfinn Haarr sa «Ta vare på «Flokken din!»

Dagsturhytta har hatt godt med besøk både av bygdefolk og turistar. Desse skryt av hytta og plasseringa. Gålaget set alltid opp fyrste tur i programmet til Moakamben. Vi fekk ikkje besøkt Åbo i vår, men vil ha ein tur dit 2. november.

Til slutt vi eg takka alle turleiarar og kjentfolk og ikkje minst den flotte turgjengen for alle fine turminner som dei har delt med meg i år.

Gunvor

# Fjellsportgruppa i Årdal Turlag

## **Styret 2022**

Daniel Andersen Åmås  
David Andersen Åmås  
Eirik Hjertenæs  
Ingrid Andersen Eidsvaag  
Mats Lindborg  
Kristian Larsen  
Martin Walderhaug (leder)

## **Aktiviteter 2022**

*Vi har plass til flere på arrangementene våre! Ikke nøl med å ta kontakt hvis du er nysgjerrig.*

### **Toppturkurs**

21.-22. januar

To fornøyde deltakere fikk en introduksjon til toppturer på ski - stemningen var god til tross for dårlig vær. Opplegget begynte med en kveldsøkt med gjennomgang av litt grunnleggende skredteori, pluss planlegging av tur for dagen etter. På turdagen fikk deltakerne prøve seg på en skikkelig topptur, og tema som sporvalg, ferdselsmønster, faretegn og gjenkjenning av skredterreng ble gjennomgått underveis.

### **NF videregående skredkurs alpint**

10.-13. februar

Tre deltakere fikk en lærerik og fin helg på tur i det spennende skiterrenget rundt Vatnahalsen. Kurset ga skredfaglig påfyll til flinke deltakere som kunne en del fra før, og de fikk med seg både livsviktig kunnskap om trygg ferdsel i vinterfjellet og noen tips og triks om hvordan man finner den beste snøen. Vatnahalsen leverte fine omgivelser, og det ble trivelige kvelder på hotellet etter tur.

## Fjellkveld

25. mars

Hyggelig og sosial kveld i Eldhuset på Klingenberg, hvor Erik Enitch holdt foredrag og fortalte spennende historier fra et langt liv i fjellet. Fjellglade folk i alle aldre møtte opp, og det ble en kjekk kveld i godt lag med mange gode historier delt over bordet også etter foredraget. Klingenberg serverte som alltid god mat!

## Klatrekurs inne-til-ute

14.-15. mai



To deltakere fikk en lærerik og spennende introduksjon til utendørs sportsklatring på klatrefeltet Plommehagen på Kvam i Sogndal. I tillegg til å få prøvd seg i veggen fikk de med seg den nødvendige kunnskapen for å kunne drive med sportsklatring på egenhånd på en trygg måte.



## Politikameratene

8.-9. juni



Årets konfirmanter fra Årdal, Lærdal og Aurland fikk utfordret høydeskrekken på klippen på Hagaberg. Både rappellering og klatring på topptau stod på programmet. Det var god stemning blant ungdommene, og vi er imponerte over alle som hiver seg uti det til tross for nerver på klippekanten!

## Fjellsportsamling

9.-11. september



Fin helg i fjellet med Krossbu som base. Folk fikk gått mange fine turer både på bre, luftige fjellrygger og til fine utsiktstopper. Det ble satt ny deltakerrekord på lørdag kveld med 15 stykker samlet i lavvoen, og stemningen var som vanlig god rundt vedovnen.



Barnas Turlag



## Årsrapport 2022

Barnas Turlag består av:

Anne Mikalsen Steinheim

Tonje Lund Tufte

Lena Nyheim Igari

Mona Holmefjord


Hausten 2022 starta Barnas turlag oppatt etter eit år utan aktivitet. Me er alle fire nye i vervet, og me ser fram til å arrangera kjekke turar i nærmiljøet for barnefamiljar. Til no har me hatt to arrangement i regi barnas turlag og eit arrangement for IL Jotun Allidrett.

Me vil ha arrangement gjennom heile året, og jobbar allereie med neste års aktivitetsskalendar.

### Kom Deg Ut Dagen 30 august.

Me fekk ein god kickstart på hausten nede ved Årdalsvatnet der Bulder og brak opplevingar stilte med kajakkar. I strålende vær fekk små og store prøve seg på vatnet i kajakk, og på land langs vatnet var det hengt ut ei quizløype. Særs godt oppmøte med ca 150 stk.

Takk til ÅBBL som sponsa oss med midlar til å leige Bulder og brak opplevingar to ettermiddagar (det er sett opp kajakkpadling til våren 2023) og til innkjøp av fiskeutstyr.



### Fisking ved Holsbruvatnet 20 september.

Kjekk ettermiddag med eit oppmøte på rundt 30 stk. Det vart dessverre ingen levande fisk på kroken (kun ein som flaut i vatnet), men barna kosa seg og det blei servert kakao.




## Allidrett for IL Jotun 25 september

Godt oppmøte av store og små, tilsaman ca 70-80 stk. Me hadde to puljer med fire ulike grupper. Gruppene gikk etter kart og skulle løyse ulike oppgåver/ aktivitetar på fire postar: Kims leik, Tante floke, skiskyting- stafett og Fuglar samlar mat.



- Barnas turlag-

## STIFTINGA AVDAL GARD



### ÅRSMELDING 2022

Sesongen 2022 har vore bra, tross det dårlege veret vi hadde i periodar. Sesongopning for turistar var 23. juni. I forkant og etterkant av sesongopninga har me tatt i mot gjester til sjølvbetjening. I midten av juni hadde me igjen besøk av Politikameratane med konfirmantkulla frå både Årdal, Lærdal og Aurland, noko som er blitt ein tradisjon. Det er Årdal Tenk Tryggleik som er arrangør. Litt småhærverk har det vore når så mange er samla, men alt i alt er vi glade for samarbeidet med dei.

Visit Årdal står for bookinga og dette er enkelt for drifta av Avdalen. I år var det tre innarbeidarar. Men vi ser at det har blitt vanskelegare å ha personell som skal drifta alt inne. Det var mykje enklare når vi hadde eit fast vertskap som stod for drifta, der utarbeidarane hjelpte til litt om kvelden. Såleis vil vi prøve å få tak i eit vertskap som kan stå for drifta i juli og august. Dette vil styret jobbe med framover.

Tal overnattingar har vore omtrent 500 pax, då medrekna politikameratane. Dagsturistar er innom oss, men vi kunne ønskt meir av dei. Han har vore tilsett frå mai til slutten av oktober.

Samuel Andre Båtsvik, prosjektleiarer for Naturhuset har budd i Avdalen denne sesongen, samt dei andre som jobbar med skjøtsel for Naturhuset. Dei har òg bidratt med hjelp i Avdalen på kveldstid. Den tradisjonelle Fjøsbluesen vart arrangert laurdag 18.juni på garden. I år var det få deltakarar og det gjer at vi må tenkje nytt og kanskje annonsere tidlegare. Vi har utnemnd ei arbeidsgruppe som skal ta tak i dette, så håpet er at vi igjen skal få fart på Fjøsbluesen. Oppfordringa til medlemmane i Årdal Turlag med fleire er at dei møter opp på Fjøsbluesen som er ei svært viktig inntektskjelde for at styret skal ha inntekter som brukast til vedlikehald av husa og anna utstyr. Vi er svært takksame for at Erling Offerdal kjem med sauer kvar sommar, dette gjer Avdalen koselegare å koma til. Det er kjekt både for born og vaksne å sjå dyr ute på markene.

Vil til slutt takka den faste dugnadsgjengen for innsatsen som blir lagt ned kvar haust og vår.



**Petter Arnt Løvdahl**  
**-leiar-**

STIFTINGA AVDAL GARD Postboks 28 6882 Øvre Årdal  
Org.nr. : 985858934 Tlf. : 94 57 08 29 Bankkonto: 3730 20.27391